



# OS Bridgeklubb

## ÅRSMELDING 2014-2015

### Styret har vore sammensett slik:

Leiar:

Anne Merete Heggland

Kasserar:

Linda Rasmussen

Styremedlemmer:

Leif Juvik, Olav Monstad, Reidar Dale

Revisor:

Kåre Kristiansen

Valkomite:

Bjørn Hauge og Frode Dyrstad

Kursansvarleg: Torhild Rasmussen

### Styremøte

Fem styremøte er avvikla denne sesongen. Elles held styret kontakt via e-post/telefon.

### Spelekeldar

Det er blitt avvikla 35 spelekeldar (to av dei i samarbeid med BAK), omlag like mange som forrige sesong. I tillegg arrangerte vi romjulsturnering 28. desember og tur til Herdla 10. - 11. januar.

### Aktivitetsnivå

Oppmøtet på klubbkveldane har vore noko lågare denne sesongen samanlikna med forrige sesong. På dei 29 spelekeldane vi har hatt denne sesongen (pr. 1. april) som er rapportert gjennom Ruter har det deltatt 241 par, noko som gjer eit snitt på 8,3 par/kveld.

Tilsvarande tal forrige sesong var 321 par på 34 spelekeldar; eit snitt på 9,6 par.

Deltaking på turneringar utanom klubben er framleis god, noko som framgår av resultatoversikten i slutten av årsmeldinga.

### Medlemmer

Klubben har (pr. 1. april 2015), 34 medlemmer, 2 færre enn for eit år sidan.

### Bridgemate/meldebokser/kortdublering

Meldeboksar til 18 bord blei kjøpt inn før sesongstart. Desse i tillegg til gamle boksar av same type gjer at vi no har meldeboksar til ca 22. bord, og dermed nok til alle turneringar

vi arrangerer. Tidlegare måtte vi låna for å arrangera til dømes juleturneringa og klubbkampen mot BAK. Alle dei gamle boksane (med klemme på bordet) er gitt bort til medlemmer som ynskte boksar til heimebruk.

Bridgemate og kortdublering er ikkje gjort endringar denne sesongen. Vi har fungerande bridgemater til 18 bord, ein server, ein printer og ei dubleringsmaskin.

### Spelelokale

Alle klubbkveldane, med unntak av ein (på Studentsenteret mot BAK) er spelt i Eldresenteret. Utviding av salongen blei gjennomført vinter/vår 2014. Den er no ferdig, og gjer oss meir rom ved større arrangement (spesielt Nytårsturneringa). Etter utvidinga må salongen leigast separat. Mot ei tilleggsbetaling på kr. 100.- pr. spelekveld leiger vi no også denne.

Temperaturen i spelelokalet er til tider for låg. Dette er tatt opp med huseigar, som har lova å sjå på saka. Installasjon av ei ekstra varmepumpe kan vera aktuelt.

### "Grasrotandelen"

Inntektene frå Grasrotandelen er blitt ei viktig inntektskjelde for klubben. Også i 2014 gjekk inntektene opp, frå 33 436.- i 2013 til heile 56 410.- i 2014. Tusen takk til alle som gjer sin andel til Os Bridgeklubb.



Grasrotandelen frå starten frå vi kom med hausten 2010 fram til utgangen av 2014. Grøn strek viser antall spelarar som har knytt seg til Os BK. Blå strek viser generert beløp.

## Kursvirksomhet

Kursverksemda blei monaleg auka denne sesongen samanlikna med dei siste sesongane. I oktober/november arrangerte vi to lynkurs ("Lær bridge på tre timer"), og totalt hadde vi 7 deltagarar på desse. I tillegg var vi i kontakt med andre som kan vera aktuelle for framtidige kurs. I januar/februar arrangerte vi eit kurs over 8 kveldar med 5 deltagarar.



Frå eit lynkurs på tannklinikken hausten 2014.

## Organisasjonsdagane

NBFs organisasjonsdagar blei arrangert på Gardermoen helga 11. – 12. april. Frå Os deltok Torhild Rasmussen og Leif Juvik, og hovudtema for årets organisasjonsdagar var rekruttering. Mellom anna blei det gjennomført eit heilt lynkurs for barn under leiing av Sven-Olai Høyland. På kvelden laurdag fekk vi òg gjennomført ei 15 spels demo-turnering med det nyaste innan bridge-teknologi «Bridge + More».



Frå lynkurset for barn på NBFs organisasjonsdagar 2015. Sven-Olai Høyland (i raud t-skjorte med ryggen til) forklarar. (Foto: Inger Johanne Larsen).



Frå demo-turneringa av «Bridge + more». Torhild Rasmussen som speleførar her, Sven-Olai Høyland planlegg motspelet.

### Tur til Herdla

For tredje året på rad arrangerte klubben tur til Herdla, i år helga 10. - 11. januar. Med eit par frå Austevoll, to frå Bergen Akademiske BK og tre par frå Os spelte vi tre parturneringar i løpet av helga.

Mat og service var som vanleg ypparleg på Herdla Gjestgiveri. Til tross for storm og uvær hadde vi ei fantastisk helg.

Klubben planlegg ny tur i 2016, truleg i februar.

Nokre bilete frå Herdlaturen under/neste side. Turneringsresultata ligg i resultatoversikten i slutten av årsberetningen.



Frå spelinga. Birgit Holsen (med ryggen til) og Marit Havelin mot Kate Fauskanger og Tove Pedersen frå Bergen Akademiske BK.



Kaffipause. Frå venstre: Gerd Nøttveit, Linda Rasmussen, Anne Merete Heggland, Ole Årland og Laila Årland.



Anne Merete og Ole held orden på tala.



Heile Herdla-gjengen 2015 samla.

### VM lag junior, Istanbul, Tyrkia, 13. - 23. august 2014

VM lag junior blei spelt i perioden 13. - 23. august 2014. Meisterskapet blei denne gongen spelt i Istanbul, Tyrkia, og Noreg deltok med tre lag. Thea Hove Hauge frå Os spelte på det norske jenter U-25-laget. Det blei ei spanande turnering, og heilt til siste dag var det sjansar for at laget kunne koma inn blant dei 8 som fekk plass i kvartfinalen. Eit par tunge tap mot slutten gjorde at kvartfinalen rauk, og det blei til slutt 11. plass for laget.



Det norske jente-laget som spelte VM junior lag august 2014. Thea nummer fem frå venstre.

### Simulanturneringar - "Veien til Tromsø"

Simulanturneringane er no blitt ein fast del av programmet for mange klubbar. Vi har deltatt i alle som er blitt spelt måndagar. Nytt denne sesongen er premiering samanlagt over heile sesongen på landsbasis, med tur og opphold til sommarens Tromsø-EM i førstepremie. Ingen av våre spelarar nådde heilt opp i samandraget, og beste frå Os i samandraget blei Bjørn hauge med 83. plass.

Ei rekkje gode enkeltresultat blei imidlertid oppnådd. Her kan nemnast: måndag 22. september; Bjørn og Thea Hauge nr. 2 (180 par deltok), måndag 20. oktober; Frode

Dyrstad - Dag Christensen nr. 3 ( 186 par deltok) og måndag 27. april Anne Merete Heggland - Leif Juvik nummer 5 (260 par deltok).

### MP-treff 2014

MP-treffen blei som vanleg spelt over heile landet første veka i desember. Vi spelte mandag 1. desember i eit felt som til saman var på 323 par.

Ingen av para frå Os nådde i premie denne gongen. Anne Merete Heggland - Torhild Rasmussen blei beste par frå klubben med 44. plass.

### Klubbmesterskap par

Klubbmesterskapet for par blei spelt over tre måndagskveldar i oktober/november. Alle tre kveldane var teljande (med 40 % score kveldar ein ikkje deltek). Ruter handterer dette greit, og samanlagtlista blir automatisk oppdatert kveld for kveld.

Vinnrarar denne gongen blei Frode Dyrstad og Dag Christensen. Nummer to blei Reidar Dale og Tor Anders Hauge, og tredjepllassen gjekk til Thea og Bjørn Hauge. Fullstendig samanlagtliste under.

### **Klubbmester 2014**

Plass	Poeng	Navn	MNR	11-03	10-27	10-20	
1	184,2	Dag Christensen - Frode Dyrstad	34804	27533	52,1	60,7	71,4
2	167,0	Reidar Tore Dale - Tor Anders Hauge	23030	6655	55,7	66,1	45,2
3	166,1	Bjørn Hauge - Thea Hove Hauge	6654	37261	53,6	50,6	61,9
4	159,1	Anne Merete S. Heggland - Torhild Rasmussen	19479	31575	44,8	46,4	67,9
5	158,6	Joleiv Midttveit - Jørn Rekkum	21631	5844	69,3	62,0	27,4
6	143,0	Inger Marie Johansen - Vilhelm Berge	34119	9217	55,2	52,1	35,7
7	132,6	Unni Skreslett - Kåre Kristiansen	27368	8405	52,6	40,0	40,0
8	131,2	Jon Olav Holvik - Kåre Perry Solibakke	36289	4592	40,0	51,2	40,0
9	127,5	Wenche Torgersen Nyborg - Elisabeth Østrem Over	29980	33504	41,7	45,8	40,0
10	122,9	Reidar Fosse - Gunnar Holm	27456	41765	40,0	42,9	40,0
11	122,7	Leif Juvik	8406		42,7	40,0	40,0
12	116,5	Linda Rasmussen	31574		42,7	34,9	38,9
13	113,8	Gerd Nøttveit	36286		40,0	34,9	38,9
14	109,8	Marit Havelin - Birgit N. Holsen	37737	39265	32,3	37,5	40,0



Frå premieutdelinga av årets klubbmesterskap for par. Anne Merete Heggland delte ut pokalar til Dag Christensen (t.v) og Frode Dyrstad.

## Os BK juleturnering

Som vanleg var det juleturnering på Os i romjula. Turneringa gjekk denne gongen søndag 28. desember, og nok ein gong blei det fullteikna. Dårleg vær gjorde at vi måtte utsetja starten eit kvarters tid, men elles gjekk det knirkefritt med Leif Gunnar Kleppevik som turneringsleiar.

Vinnarar denne gongen blei Tore Bårdsen - Øyvind Haga, Stavanger BK/Rubbestadneset BK. Nummer to blei Tor og Christian Bakke, Bergen Akademiske BK, og tredjepllassen gjekk til Sigurd Østebøvik - Jim Høyland, Kopervik BK/Bergen Akademiske BK.

Nokre bilete frå turneringa under.



Vinnarane av juleturneringa denne gongen; Øyvind Haga (t.v) og Tore Bårdsen.



Fullteikna turnering denne gongen og. 35 par var med.



Mange toppspelarar stilte denne jula. Fire av dei her. Sigurd Østebøvik (med ryggen til) saman med Jim Høyland blei nummer tre. Jon Sveindal (i dress) og Thomas Charlsen blei nummer seks.



Christian Bakke in action. Blei saman med far Tor Bakke nummer to.

## Bergen Storturnering ((16) 17.-18. januar

Største parturnering på desse kantar av landet, Bergen Storturnering, blei spelt helga 17.-18. januar. Som vanleg blei det spelt i to grupper, Mester og A. Ingen frå Os stilte i Mestergruppa, men i A var det fleire med.

Best resultat oppnådde Joleiv Midttveit - Bjørn Hauge. Etter å ha kjempa i tetstriden gjennom heile turneringa enda det til slutt med ein fin 6. plass. Tor Anders Hauge - Reidar Dale blei nummer 13, og Thea Hauge - Marte Haugen Klingen nummer 32.

75 par deltok i årets Storturnering, 32 i Mester og 43 i A-gruppa.



6. plass til Bjørn Hauge og Joleiv Midttveit. Til venstre står "Storturneringsgeneral" Mathias Beyer.

## KM par

Eit par frå Os deltok i KM par som blei spelt laurdag 18. april, denne gongen som eindagsturnering. Bjørn og Tor Anders Hauge blei nummer åtte. Vann gjorde Sven Olai Høyland og Magne Eide frå BAK, og dei representerer dermed Hordaland Bridgekrets i NM par til hausten.

## NM klubbar - CodanCup

Klubben stilte i år 3 lag i NM for klubblag, som frå og med denne sesongen har endra namn til CodanCup. Ingen av laga våre nådde 3. runde denne gongen. Nærast var Os BK 2, som med ein siger og eit tap ikkje var så langt frå å komma inn blant dei 112 laga som får spela 3. runde. Alle Os-laga sine resultat frå 1. og 2. runde ligg under resultatoversikten sist i årsmeldinga.

## Seriemesterskapet 2014 - 2015

Seriemeisterskapet blei som vanleg spelt over to helgar; ei på hausten og ei seinvinters. Os hadde eit lag med i 4. divisjonspulja som blei spelt i Bergen. Laget bestod av Thea Hauge, Bjørn Hauge, Leif Juvik og Kåre Kristiansen, og det blei 5. plass på laget. Kun to av dei 13 laga i pulja rykte opp til neste års tredjedivisjon, så det blir 4. divisjon på laget også neste år.

I 3. divisjonspulja som blei spelt i Haugesund var det også ein osing med, idet Stig Gamlemshaug spelte på lag Træet. Laget gjorde ein glimrande innsats og vann heile avdelinga og dermed opprykk til neste sesongs 2. divisjon!. I tillegg til Stig spelte følgjande spelarar på laget: Øyvind Haga, Roger Træet, Hallgeir Lunde, Finn Fyllingslid og Frode Tveito.

## Nordisk meisterskap junior lag

Sesongens store sportslege høgdepunkt kom i påsken då Nordisk meisterskap for juniorlag blei spelt. Turneringa gjekk denne gongen i Vejen i Danmark frå 3. til 6. april. Nordisk junior blir no arrangert i fire klassar (U26, U21, U16 og jenter U26), Noreg stilte lag i alle klassane, og på det norske jente-laget spelte Thea Hauge. I tillegg til Thea spelte desse på laget: Stine Frøyse, Marte Haugen Klingen, Katarina Ekren, Thea Lucie Indrebø og Sofie Græsholt Sjødal. NPC for laget var Rosaline Barendregt.

Jentene spelte innleiande kampar mot alle U21-lag og alle U16-lag pluss det danske jentelaget. Til slutt blei det spelt finale over fire sesjonar mot det danske jentelaget. Totalt blei det 11 kampar a 14 spel, og nordiske meistrar ville vera laget som oppnådde flest VP over alle dei 11 kampane.

Etter innleiande spel hadde dei danske jentene eit lite forsprang på dei norske, men dette og meir til blei henta inn i finalespelet. Her var Noreg overlegne, og vann alle sesjonane unntatt ein mot Danmark. Thea er dermed første spelar frå Os BK med ein internasjonal tittel. Gratulerer til Thea og heile laget!

Slike prestasjonar blir lagt merke till langt utanom klubben og er god reklame for bridgen. Mellom anna har VG, Os og Fusaposten, NBF og Snorre Aalberg på sin blogg "Livebridge" skrive om juniorjentene.

Nokre bilete frå nordisk junior på dei neste sidene.



Laget som tok gull: Frå venstre: Stine Frøyse, Sofie Græsholt Sjødal, Thea Lucie Indrebø, Marte Haugen Klingen, Thea Hove Hauge og Katarina Ekren.



Samanlikning av lister. Ser ut til å vera ei god dette.



Frå kampen mot det danske U21-laget, ein kamp jentene tapte med nokre få IMP.



Thea med gull-medaljen.

## Bridge i Havgapet, fredag 1. mai 2015

Vårens vakraste bridgeeventyr, «Bridge i Havgapet» blei spelt i strålende vårver fredag 1. mai 2015. 28 par stilte til start, av dei ein god del osingar. Best gjekk det for Stig Gamlemshaug, som saman med makker Roger Træet frå Stord BK gjekk bort og vann turneringa. Premie blei det og Til Thea Hauge - Joleiv Midttveit som blei nummer seks. Bilete av vinnparet under. Øvrige Os-resultat under resultatoversikten.



Stig Gamlemshaug og Roger Træet vann «Bridge i Havgapet» 2015

## Pokalkamp mot Bergen Akademiske BK

Os og Bergen Akademiske BK møttest til Pokalkamp måndagane 27. april og 4. mai. Dette var sjuande året på rad at vi møttest til kamp, og aldri har vel kampen vore jamnare. Første kveld vann Os med ein snittscore på para på 51,67 %. Andre kvelden var BAK best. Snittscore på ospara denne kvelden blei 49,23 %. Det held med eit naudskrik til samanlagtsiger for Os som totalt oppnådde 100,9 % mot BAK 99,1 %.

Etter sju år er dermed stillinga at BAK leier kampen 5-2.

Individuelt var det ingen tvil om kven som var best. Øyvind Henden vann like godt begge kveldane (med forskjellig makker), og vann dermed overlegent. Beste osspelar blei Tor Anders Hauge med tredjepllass.

## Servering

Kiosken har vore i drift heile sesongen med servering av vaflar, kaffi, pannekaker, brus ect. Vi takkar alle jentene for godt utført arbeid.

## Økonomi

Rekneskapet viser eit overskot på kr. 18 155.- Dette er ca 3000 kroner svakare enn 2013/2014- sesongen.

## Speleavgift

Vi har hatt kr. 50.- (25.-) i speleavgift denne sesongen. Dette er same speleavgifter som forrige sesong.

## Resultatoversikt

### Maibridge, Rubbestadneset torsdag 29. mai 2014 (40 par)

8. Raymond Nesbø - Stig Gamlemshaug; Rubbestadneset BK/Os BK  
12. Tor Anders Hauge - Joleiv Midttveit  
21. Leif Juvik - Frode Dyrstad  
37. Wenche Torgersen Nyborg - Elisabeth Østrem Over

### Norway - USA friendship tournament, Bergen 21. juni 2014 (40 par, Mitchell)

- ØV: 1. Finn Fyllingslid - Stig Gamlemshaug, Bergen Akademiske/Os
- 

### 54. Internasjonale Baltic Congress Sopot, Polen, 18. - 26. juli 2014

#### Parturnering 18. juli (44 par)

20. Finn Fyllingslid - Tor Anders Hauge. BAK/Os

#### Kveldsturnering 18. juli (168 par)

75. Finn Fyllingslid - Tor Anders Hauge, BAK/Os

#### Parturnering 19. juli (162 par)

116. Finn Fyllingslid - Tor Anders Hauge, BAK/Os

#### Parturnering 20. juli (283 par)

241. Finn Fyllingslid - Stig Gamlemshaug, BAK/Os

#### Parturnering 22. juli (62 par)

38. Tor Anders Hauge - Bjarte Haugland, Os/Austevoll

#### Kveldsturnering 22. juli (70 par)

38. Tor Anders Hauge - Bjarte Haugland, Os/Austevoll

Parturnering 23. juli (67 par)  
60. Finn Fyllingslid - Tor Anders Hauge, BAK/Os

Parturnering 25. juli (61 par)  
13 Magnus Larssen - Stig Gamlemshaug, Sarpsborg BK/Os

Kveldsturnering 25. juli (119 par)  
8. Magnus Larssen - Stig Gamlemshaug, Sarpsborg BK/Os

Parturnering 26. juli (100 par)  
82. Magnus Larssen - Stig Gamlemshaug, Sarpsborg BK/Os

Kveldsturnering 26. juli (80 par)  
56. Stig Gamlemshaug - Krzysztof Przybielski, Os/Polen

---

#### **Juniorfestivalen 2014, Fredrikstad, 28. juli - 1. august 2014**

Single-turnering, 28. - 29. juli (40 spelarar)  
24. Thea Hove Hauge

IMP over feltet, 29. juli (19 par)  
11. Anders Brogeland - Thea Hove Hauge, Flekkefjord BK/Os BK

Hovudturnering, 30. juli (20 par)  
6. Marthe Haugen Klingen - Thea Hove Hauge, Orkdal BK/Os BK

Lagturnering 31. juli (10 lag)  
8. Andre Hagen, Christian Fredrik Johnsen, Eskild Lunderød, Thea Hauge, Aurskog BK/Målselv BK/Fredrikstad BK/Os BK

---

#### **Bridgefestivalen 2014, Fredrikstad, 1. august - 9. august 2014**

NM par junior, 2. - 3. august (19 par)  
12. Marte Haugen Klingen - Thea Hove Hauge, Orkdal BK/Os BK

NM Mix lag, 3. - 4. august (80 lag)

51. Firkloveren; Thea Hove Hauge, Thea Indrebø, Espen Haugstad, Bjørn Hauge, Os BK, KGB Klyve-Gulset BK, Bergen Akademiske BK, Os BK

Sommerbridge mandag 4. august (58 par)

2. Tor Anders Hauge - Frode Dyrstad

20. Frode Dyrstad - Johanne Marie Berget, Os BK/Rendalen BK

Kveldsturnering mandag 4. august (43 par)

14. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad

22. Thea Hove Hauge - André Hagen, Os BK/Aurskog BK

32. Joleiv Midttveit - Tor Anders Hauge

Kveldsturnering tysdag 5. august (30 par)

2. Tor Anders Hauge - Joleiv Midttveit

24. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad

NM par damer, 5. - 6. august (52 par)

38. Marthe Haugen Klingen - Thea Hove Hauge, Orkdal BK/Os BK

Åpent NM lag, 5. 6. august (67 lag)

56. Osingane; Joleiv Midttveit, Bjørn Hauge, Tor Anders Hauge, Frode Dyrstad

---

VM junior lag, Istanbul, Tyrkia, 13. - 23. august 2014, jenter U-25

11. Noreg; Stine Frøyse, Thea Hove Hauge, Thea Lucia Indrebø, Marte Haugen Klingen, Charlotte Mikkelsen, Sofie Grasholt Sjødal, Sven Olai Høyland (NPC), Rosaline Barendregt (Coach)

Sandnesmixen, Folkets Hus Sandnes, 27. september 2014 (26 par)

20. Espen Anfinsen - Elisabeth Østrem Over, BK Gann/Os BK

Haugalandscup 2014, Haugesund, 11. - 12. oktober 2014 (25 lag)

12. Fire tette og ei badehette; Roger Træet, Stig Gamlemshaug, Leif Magne Hole, Hallgeir Lunde

Nærbøgiganten, Motland skule, 25. - 26. oktober 2014 (32 par)

17. Bjørn Hauge - Thea Hove Hauge

22. Vegard Hermansen - Tor Anders Hauge, Nærbø BK/Os BK

BM lag 2014 - 2015, oktober 2014 - januar 2015, open pulje (8 lag)

5. Lag Bjørgo: Daniel Bjørgo - Yngve Lamo - Rosaline Barendregt - Thea Hauge - Bjørn Hauge - Joleiv Midttveit - Tor Anders Hauge - Katarina Ekren

NM klubblag - CodanCup, oktober 2014 - mai 2015 (216 lag)

Os BK 1: Thea Hauge, Bjørn Hauge, Kåre Kristiansen, Leif Juvik

Os BK 2: Frode Dyrstad, Dag Christensen, Joleiv Midttveit, Jørn Rekkum, Tor Anders Hauge

Os BK 3: Anne Merete Heggland, Torhild Rasmussen, Linda Rasmussen, Gerd Nøttveit

	IMP	VP
Os BK1 - Bergen Akademiske BK 1:	36 - 102	1,17 - 18,83
Bergen Akademiske BK 2 - Os BK 1:	109 - 29	19,74 - 0,26
Åsane BK 2 - Os BK 2:	85 - 59	14,98 - 5,02
Os BK 2 - Osterøy BK:	74 - 61	11,56 - 8,44
Os BK 3 - Austevoll BK:	47 - 88	3,12 - 16,88
Os BK 3 - Melandsknekten BK 2	30 - 94	0,99 - 19,01

Ingen av laga nådde tredje runde.

---

Bridgefestival Tenerife, 17. - 29. november 2014

Hovudturnering 1, 21- 22. november, 16 par

8. Åse Bauge - Åge Hovden, Os BK/Vikersund BK

Hovudturnering 2, 28. - 29. november, 14 par

13. Åse Bauge - Åge Hovden, Os BK/Vikersund BK

---

Proffen Cup 2014, 20. desember 2014, Trondheim (22 par)

1. Per Nordland - Stig Gamlemshaug, Selbu BK/Os BK

Os BKs juleturnering, 28. desember 2014, Os (35 par)

8. Stig Gamlemshaug - Stein Ole Moberg

12. Thea Hauge - Bjørn Hauge

14. Tor Anders Hauge - Reidar Dale

24. Dag Christensen - Frode Dyrstad

25. Reidar Fosse - Gunnar Holm

28. Joleiv Midttveit - Jørn Rekkum

34. Linda Rasmussen - Kate Fauskanger, Os BK/Bergen Akademiske BK

---

Nyttårscuppen 2015, 3. - 4. januar 2015, Jessheim (39. lag)

30. Norge jenter, Marte Haugen Klingen, Thea Hove Hauge, Stine Frøyse, Katarina Ekren.

---

Klubbtur til Herdla, 10. - 11. januar 2015, Herdla Gjestgiveri ( 12 deltagarar)

Laurdag foremiddagsturnering

1. Torhild Rasmussen - Anne Merete Heggland
2. Linda Rasmussen - Gerd Nøttveit
3. Ole Årland - Laila Årland
4. Berit Solsvik - Berit Grimstad
5. Marit Havelin - Birgit Holsen
6. Kate Fauskanger - Tove Pedersen

Kveldsturnering laurdag

1. Laila Årland - Ole Årland
2. Anne Merete Heggland - Torhild Rasmussen
3. Linda Rasmussen - Gerd Nøttveit
4. Kate Fauskanger - Tove Pedersen
5. Berit Solsvik Berit Grimstad
6. Birgit Holsen - Marit Havelin

Søndag foremiddag

1. Anne Merete Heggland - Torhild Rasmussen
  2. Linda Rasmussen - Gerd Nøttveit
  3. Kate Fauskanger - Tove Pedersen
  4. Ole Årland - Laila Årland
  5. Berit Solsvik - Berit Grimstad
  6. Birgit Holsen - Marit Havelin
- 

Bergen Storturnering , (16). 17. - 18. januar 2015, Clarion Bergen Airport Hotel, A-gruppa (43 par)

6. Joleiv Midttveit - Bjørn Hauge
  13. Tor Anders Hauge - Reidar Dale
  32. Thea Hove Hauge - Marte Haugen Klingen, Os BK/Orkdal BK
- 

Seriemesterskapet 2014 - 2015.

3. divisjon avd. G, spelt i Haugesund (10 lag)

1. Lag Træet: Øyvind Haga, Roger Træet, Stig Gamlemshaug, Hallgeir Lunde, Finn Fyllingslid, Frode Tveito

Opprykk til 2. divisjon 2015 - 2016.

4. divisjon avd. Hordaland, spelt i Bergen (13 lag)

5. Lag Juvik, Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Thea Hauge, Bjørn Hauge

---

VI OPEN INTERNACIONAL de Barcelona 2015, 6. - 8. februar 2015, Barcelona, Spania  
(172 par)

15. Børre Lund - Stig Gamlemshaug, Heimdal BK/Os BK

---

Nordisk meisterskap junior, 4. - 6. april 2015, Vejen, Danmark

Klasse jenter U-25

1. Noreg, Stine Frøyse, Marte Haugen Klingen, Thea Hove Hauge, Sofie Græsholt Sjødal, Katarina Eken, Thea Lucie Indrebø, Ringebu/Fåvang BK/Orkdal BK/Os BK/Nesodden BK/Bergen Akademiske BK/KGB Klyve-Gulset BK/

Demoturnering bridge + more, NBFs organisasjonsdagar, 11. - 12. april 2015, Gardermoen (14 par)

1. Torhild Rasmussen - Leif Juvik

KM par, NM semifinale Hordaland Bridgekrets, 18. april 2015, Vitalitetssenteret Bergen (15 par)

8. Bjørn Hauge - Tor Anders Hauge

NM damelag, 24. - 26. april 2015, Scandic Hell Hotell, Trondheim, velkomstturnering (28 par)

2. Thea Hove Hauge - Marte Haugen Klingen, Os BK/Orkdal BK

NM damelag, 24. - 26. april 2015, Scandic Hell Hotell, Trondheim (25 lag)

12. Advisor Revisjon - Norge jenter 1, Marte Haugen Klingen, Thea Hauge, Katarina Eken, Thea Indrebø

Bridge i Havgapet, 1. mai 2015, Bekkjarvik Gjestgiveri, Austevoll (28 par)

1. Roger Træet - Stig Gamlemshaug, Stord BK/Os BK

6. Thea Hauge - Joleiv Midttveit

14. Frode Dyrstad - Leif Juvik

17. Tor Anders Hauge - Bjørn Hauge

24. Elisabeth Østrem Over - Anders Johansson, Os BK/Nøtterøy BK

# Os bridgeklubb sesongen 2014/2015

2013/2014

## Inntekter:

Årskontingent*	8 200	8 000
Kveldskontingent	46 775	51 505
Grasrotandel og loddsal	57 410	35 167
Sal av kaffi etc	22 027	23 860
Diverse (kursavgifter og anna)	1 200	83
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>135 612</b>	<b>118 615</b>

## Utgifter

Lønn (kantine + turneringsleiar)	14 300	13 500
Leige av lokaler	40 750	31 300
Kontorrekvisita	30	40
Loddbøker og gevinstar	11 762	10 989
Porto	0	0
Blomster etc	150	2 010
Diverse omkostningar nbf	10 620	10 100
Kontingent NBF	10 950	10 150
Annonse - Reklame	5 814	1 535
Varekjøp til kiosk med mer**	14 371	7 880
Gebyr	114	84
Andre kostnader	8 732	9 334

<b>Sum driftskostnader</b>	<b>117 593</b>	<b>96 922</b>
----------------------------	----------------	---------------

<b>Renteinntekter</b>	<b>135</b>	<b>49</b>
-----------------------	------------	-----------

<b>Resultat</b>	<b>18 155</b>	<b>21 742</b>
-----------------	---------------	---------------

## Balanse

Bankinnskudd pr 30.04 på brukskonto	63 412	45 352
Bankinnskudd pr 30.04 på sparekonto	4 779	4 704
<b>Sum Bankinnskudd***</b>	<b>68 191</b>	<b>50 056</b>

## Noter:

\* Egentlig 7900, Joleiv betalte to ganger

\*\* Her inngår 6 758 til annet enn kiosken - meldebokser, papir og vaffeljern. Kiosk utgjør 7 631

\*\*\* Inngående bankinnskudd + overskudd er til sammen 68 211, det mangler altså kr 20. Dette skyldes en feil i bilag 46 fra oktober 2014



995591359

## Vil du gi din støtte til OS BRIDGEKLUBB?

Grasrotandelen gir deg som spiller mulighet til å bestemme hvem som skal motta noe av overskuddet til Norsk Tipping. Hver gang du spiller kan du velge å støtte det laget eller foreningen du mener fortjener det mest. Vi oppfordrer deg til å støtte oss i OS BRIDGEKLUBB.

For å være grasrotgiver må du være kunde hos Norsk Tipping.

Ved spill hos Norsk Tipping vil inntil 5 prosent\* av spillinnsatsen gå direkte til din grasrotmottaker, og best av alt, hverken innsats, premie eller vinnersjanse reduseres.

Grasrotandelen gjelder for alle Norsk Tippings spill, bortsett fra Flax, Extra og Belago.


Gjennom å være grasrotgiver er du med på å oppfylle små og store drømmer for din grasrotmottaker.

Du kan bli grasrotgiver på en av følgende måter:

- Hos kommisjonæren
- Mobilspill
- Norsk Tipping sine nettsider
- SMS, send **Grasrotandelen 995591359 til 2020**

For mer informasjon se [www.norsk-tipping.no](http://www.norsk-tipping.no)

\*For Multix og Instaspill gjelder annen beregning.



32774995591359